



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Vestnes kommune
Brugata 10
6390 VESTNES

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	22.06.2022	78840/2022/REGULERINGSPLAN/1535	Ingeborg Forseth, 71 28 01 55	30.08.2022

Vestnes kommune - detaljregulering - reguleringsplan for Vågstranda skytebane - fråsegn ved offentlig ettersyn

Fylkeskommunen utgjør det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

[Fylkeskommunens planverk](#) er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentlig ettersyn.

Vestnes kommune varslar høyring av detaljreguleringsplan for Vågstranda skytebane. Målet med planen er å fastsette arealbruken for skytebaneområdet med tilhøyrande føresegner, samt etablere grunnlag for ekspropriasjon av grunnen.

MERKNADER TIL PLANFORSLAGET

Møre og Romsdal fylkeskommune gav uttale ved oppstart, brev datert 03.12.2022. Merknadane knytt til konsekvensutgreiing, samferdsel, vassforvaltning og universell utforming ser ut til å vere imøtekomme.

Vi har elles ikkje merknader ut frå våre ansvarsområde, og reguleringsplanen kan for vår del eigengodkjennes.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Ingeborg Forseth
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

Kopi:
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
NVE